

# Nord-Fron kommune

Dato : 27.03.2015  
Vår ref. : 15/4504

Saksbeh. : Ingrid Stormyrbakken  
Telefon : 61216120  
E-post : post@nord-fron.kommune.no



**Nord-Fron  
kommune**

Finansdepartementet  
Akersgt. 40  
Postboks 8008 Dep.  
0030 OSLO

Nedregate 50  
2640 Vinstra

Telefon  
61 21 61 00

Telefaks  
61 21 61 01

E - p o s t  
postmottak@  
nord-fron.  
kommune.no

www.  
nord-fron.  
kommune.no

Bankgiro  
2095.06.05775

Bankgiro skatt  
6345.06.05168

## Høyringsuttale NOU 2014:13 - Kapitalbeskatning i ein internasjonal økonomi

Vedlagt følger uttale frå Nord-Fron kommune til NOU 2014:13 –  
*Kapitalbeskatning i ein internasjonal økonomi.*

Med helsing

Ingrid Stormyrbakken  
konsulent

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.

57  
58  
59  
60  
61  
62  
63  
64  
65  
66  
67  
68  
69  
70  
71  
72  
73  
74  
75  
76  
77  
78  
79  
80  
81  
82  
83  
84  
85  
86  
87  
88  
89  
90  
91  
92  
93  
94  
95  
96  
97  
98  
99  
100

# Nord-Fron kommune

## Delegert sak

### Høyringsuttale NOU 2014:13 Kapitalbeskatning i ein internasjonal økonomi

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Administrativ behandling			Tom Nøvik

Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr.	15/483
Tom Nøvik	619,	Journalpost	15/4317

#### Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet har lagt *NOU 2014:13 Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi* ut på høyring med frist 7. april 2015 og kan lesast på <https://www.regjeringen.no/contentassets/bbd29ff81485402681c6e6ea46655fae/no/pdfs/nou201420140013000dddpdfs.pdf>.

Høyringsbrevet er ikkje sendt kommunane sjølv om kommunane er direkte råka av forslaga i høyringsutkastet.

#### Kommunal eigedomsskatt:

I kap. 12.10.1 behandlar utvalet ei evt. statleggjering av eigedomsskatten, sitat:

*«Behovet for å sikre en rimelig skattebelastning tilsier enten en overgang til en statlig eiendomsskatt eller en bedre koordinering av regler mellom stat og kommune».*

Nord-Fron Kommune er imot ei statleggjering av eigedomsskatten. Eigedomsskatten er ein frivillig kommunal skatt, og ein viktig del av det lokale sjølvstyret. Ei statleggjering av eigedomsskatten vil svekke den lokale beskatningsretten i betydeleg grad og samtidig avgrense det kommunale sjølvstyret.

#### Eigedomsskatten er ein sikker og stabil inntektskilde for kommunane.

Kommunane sine eigedomsskatteinntekter utgjorde i 2013 om lag 8,9 milliardar kr., av dette utgjorde kraftanlegg 2,2 milliardar kr. Nord-Fron Kommune har i 2015 budsjetterte inntekter på ca. 50 mill. kr. frå eigedomsskatt. Av summen kjem om lag ca. 35 mill. kr. frå eigedomsskatt på kraftverk. Mindre inntekter til kommunen betyr vesentleg redusert tenestnivå for innbyggjarane.

Kommunane bestemmer *sjølv* om dei vil innføre eigedomsskatt. Sidan dette ikkje er ein obligatorisk skatt inngår den *ikkje* i inntektssystemet. Med unntak av kraftanlegg vert eigedomsskattetakstane fastsatt av uavhengige nemnder oppnemnt av kommunane. Takstane gjeld for 10 år, noko som inneber at inntektene frå eigedomsskatt er relativt stabile i 10-årsperioden. For kraftanlegg vert grunnlaget fastsett av likningsmyndighetene. Reglane er tilpassa slik at omsynet til kommunane sine behov for stabile inntekter er ivaretatt ved at man i verdsettinga bygger på rullerande spotmarkedspris over fem år.

At eigedomsskatten gir stabile inntekter til kommunane er i seg sjølv eit viktig argument for at den bør oppretthaldast som ein kommunal skatt.

## Velgarkontrollen

Både demokratiomsyn og valgarkontroll er omsyn som talar for å behalde eigedomsskatten som ein kommunal skatt fordi dette inneber at avgjersler vert tatt nær den det gjeld.

Utvalets grunngjeving for ei statleggjering er at den såkalla «*velgerkontrollen*» er svakare i Norge enn i andre land, fordi eigedomsskatten utgjer ein mindre del av samla inntekter for kommunane. Vidare meiner utvalet at valgarkontrollen vert svekka «*ved at eiere av fritidseiendommer eller andre eiendommer som ilegges skatt (kraftverk, industrianlegg mv.), ikke nødvendigvis bor i kommunen*» og at dette talar for statleg eigedomsskatt.

Det er viktige omsyn som ligg bak ein kommunal eigedomsskatt. Eigedomsskatt på kraftverk inneber eit vederlag til det lokalsamfunn som avstår verdifulle naturressursar til storsamfunnet, slik at deler av verdiskapinga blir igjen der naturinngrepa skjer.

Kommunal eigedomsskatt er vidare eit viktig element i Norges oppfølging av Europarådskarakteret for lokalt sjølvstyre sitt pålegg om at deler av kommunane sine inntekter «*skal stamme fra lokale skatter og gebyrer*. For ei rekke kommunar som har stilt sine naturressursar til rådighet for samfunnet, har løftene om betydelege eigedomsskatteinntekter vore avgjerande for tilslutninga til evigvarande naturinngrep. Denne *samfunnskontrakten* vert broten ved ei statleggjering av eigedomsskatt på kraftverk. Ei ev statleggjering av eigedomsskatten kan føre til at kommunar blir meir restriktiv til Kraftutbyggingar.

## Bruk av formuegrunnlag

Ifølge utvalet bør eigedomsskattetakseringa følgja formueskattens sjablongregler: «*Det er uheldig med ulike regler for fastsettelse av ligningsverdier for formues- og eiendomsskatteformål. Verdsettingsreglene bør derfor harmoniseres slik at sjablongreglene for formuesskatten blir gjeldende også for eigedomsskatten...Behovet for å sikre en rimelig skattebelastning tilsier enten en overgang til en statlig eiendomsskatt eller en bedre koordinering av regler mellom stat og kommune.*»

Sjølv om bruk av formuegrunnlag kan vera hensiktsmessig for bustadar er det lite eigna for andre typar av eigedomar. Dette fordi formuesverdier ikkje er like godt tilpassa lokale forhold som kommunale eigedomsskattetakstar. Næringseigedom, herunder verk og bruk, er ei lite homogen gruppe, noko som betyr at det er behov for større grad av «skreddarsaum». Slike eigedomar er i dag stort sett ikkje underlagt formueverdsetting, og det fins derfor ikkje verdsettingsreglar eigna for eigedomsskattetaksering.

Vaksdal kommune meiner at takseringa av verk og bruk fortsatt bør skje i regi av nemnder oppnemnt av kommunane.

## Eigedomsskattetaksering bør skje lokalt

Med unntak av kraftanlegg vert eigedomar taksert for eigedomsskatteformål av takstnemnd / sakkunnig nemnd oppnemnt av kommunestyret. Nemndene er uavhengige og kan ikkje instruerast av kommunen.

Kraftanlegg er verdsett etter likningsverdien. Lokalkunnskap og innsikt i det lokale næringslivet er eit viktig omsyn som talar for at verdsetting av andre eigedomar enn vasskraftanlegg fortsatt bør skje lokalt. Kommunane og dei kommunale takstnemndene har stor erfaring og kompetanse innan eigedomsskatt, noko som sentrale skattemyndigheiter ikkje har. For kraftanlegg skjer verdsettinga etter andre prinsipp og etter detaljerte reglar

fastsatt i skattelova. Desse reglane er imidlertid ikkje overførbare på andre verk og bruk der det ikkje finnes objektiviserte og observerbare spotmarkedspriser til bruk i verdsettinga. Ved taksering av andre verk og bruk innhentar nemndene som regel takstforslag frå sakkyndige. På denne måten er skattyter sikra at eigedomsskattetaksten vert tilpassa lokale forhold og prisnivå.

For at takseringa skal gjenspeila verdien av den aktuelle eigedomen og samtidig tilpassast lokale forhold, er det nødvendig med synfaring. Dette tilseier at taksering bør skje i regi av lokalt oppnemnte nemnder, slik at synfaringa kan gjennomførast på ein praktisk måte.

Verdsettingsprinsippa som vert brukt for eigedomsskatteformål er etablert gjennom lov og rettspraksis over mange år. Rettspraksis har avklart dei fleste praktiske og rettslege uklarheiter ved verdsettingsprinsippa som vert nytta.

### Kommunereform

Det føregår for tida eit arbeid med kommunereform. Dersom resultatet av dette blir større kommunar, vil fleire av dei innvendingane som utvalet viser til bli avhjelpet.

### Økt grunnrenteskatt gir redusert eigedomsskatt til kommunane

Forslaget om å auke grunnrenteskatten for å kompensera skattebortfall for staten, vil innebera at kommunane sine inntekter vert redusert. Dette fordi grunnrenteskatten kjem til *frådrag* i eigedomsskattegrunnlaget. Økt grunnrenteskatt gir på denne måten redusert eigedomsskattegrunnlag for kommunane. Kraftanlegga sin formuesverdi blir lågare ved ein auka grunnrenteskatt sjølv om eigedommens verdi og lønsomheit er uendra.

### **Vurdering:**

Adm.sjef meiner det er svært uheldig at kommunane ikkje er høyringspart i ei så viktig sak for kommunane. LVK oppmodar kommunane til å gje uttale, noko adm.sjef støttar. Formannskapet har i møte 26.mars 2015 drøfta saka. Formannskapet ga si støtte til uttala som LVK har kome med, og administrasjonssjefen er bedt om å formulere kommunal uttale til saka.

Det er særleg 2 forhold som har konsekvensar for kommunane, og adm.sjef rår til følgjande:

### **Vedtak:**

- Eigedomsskatten må halde fram som ein kommunal skatt, og kommunane må ha ansvaret for verdifastsettinga. Eigedomsskatt for kraftverk er mellom anna grunngeven med at vertskommunane har rettmessig krav på ein andel av verdiskapinga som skjer i kommunen. Skatteinntekter til vertskommunen har vore ein føresetnad for tilslutning til vasskraftutbyggingar.
- Forslaget om auka grunnrentesats på vasskraft som kompensasjon for ein redusert inntektsskattesats vil føra til reduksjon i kommunanes eigedomsskatteinntekter. Dette kan ikkje akseptast.

Uttalen er i samsvar med LVK sin uttale.

Arne Sandbu  
administrasjonssjef

Tom Nøvik  
kommunalsjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.